



Notat

Dato: 13.05.2015
Arkivsak: 2015/4729-4
Saksbehandlar: gurklyv

Til:	Nils Egil Vetlesand, konst. fylkesdirektør økonomi
Frå:	Guro Klyve, Eigedomsseksjonen

Nesttun tannklinikk - forlenging av leigeavtale.

Hordaland fylkeskommune har leigd lokale av AS Nesttunhjørnet til bruk for Nesttun tannklinikk sidan 01.10.1996.

Vedlagt følgjer kopi av leigekontrakt signert i 1996 samt avtale om utviding av leigearealet av 12.03.2012.

Gjeldande leigeperiode går fram til den 01.10.2016. HFK har rett til å forlenge leigeforholdet med periodar på 5 år. Melding om forlenging må sendast til utleigar seinast 12 mnd. før perioden går ut.

Den nye klinikkstrukturplanen for tannhelsetenesta har vore på høyring, og det er opna for samlokalisering av Nesttun tannklinikk og Fana tannklinikk i nye lokalar. Det er sannsynleg at den politiske handsaminga av klinikkstrukturplanen skjer i desember 2015.

Ut frå dette ønskjer Tannhelseavdelinga å forlenge leigeforholdet for ein ny periode på 5 år, men slik at det er mogeleg å kunne seie opp leigeavtalen i 5-årsperioden.

Vi har vore i kontakt med utleigar, som har akseptert at leigetakar kan avslutte avtalen med eit varsel på 24 mnd. i den aktuelle perioden. Utleigar har òg akseptert at avtalen elles er på same vilkår.

Vi har motteke tilleggsavtale i samsvar med dette pr. e-post frå utleigar, og denne følgjer vedlagt.

Vi tilrår at avtalen vert godkjent. Fylkesdirektør økonomi har fullmakt til å godkjenne avtalen iht. pkt. 1.2. *Bygg og eigedomsforvaltning* i fullmaksreglementet for Hordaland fylkeskommune.

Helge Haavardtun
eigedomssjef

Guro Klyve
stabsleiar

Vedlegg